

Fra: Tone Stedal Haugland (Tone.Stedal.Haugland@hfk.no)
Sendt: 06.08.2015 15:47:46
Til: 'jonasib@gmail.com'
Kopi: Marianne Ose Askvik; Anette Durr Thomassen

Emne: ang vedlegg søknad kunstnarstipend Hordaland fylkeskommune
Vedlegg: image001.png

Til Jonas IB Hellvik Jensen, søker av Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend

Det viser seg no at det manglar vedlegg til nokre kunstnarstipend-søknader. Vi har jobba med å finne ut av dette i dag, og det ser ut til at det kan vere knytt til ein svikt i fylkeskommunen sitt datasystemet som inntraff dei første dagane i mai. Vi har difor gått igjennom søknadane innan alle sjangrar og sjekka.

Du har oppgitt i hovudsøknaden at du har sendt inn vedlegg(cv), men dette finn vi ikkje igjen i vårt arkivsystem. Vi må difor diverre be om at du sender vedlegget igjen, denne gong direkte til anette.durr.thomassen@hfk.no og i kopi til marianne.ose.askvik@hfk.no merka «2015 / 2149 - Vedlegg til søknad om kunstnarstipend for [namn] – [kunstgrein]», så raskt som mogleg, slik at vi kan vidareformidle dette til stipendkomiteen.

For at dette skal verte handtert på skikkeleg vis ser vi oss nødd til å utsetje den politiske handsaminga av kunstnarstipend-saka til Kultur- og ressursutvalet sitt neste møte den 10.september.

Vi er svært lei oss for det inntrufne og dei ulemper dette måtte føre til for dykk.

Helsing

Ronny Skaar
Utviklingssjef/seksjonsleiar seksjon for kunst- og kulturformidling

og

Tone Stedal Haugland
Seniorrådgjevar
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Kultur- og idrettsavdelinga
Seksjon for kunst- og kulturformidling
Tlf 55 23 91 92
Tone.stedal.haugland@hfk.no
hordaland.no

